FRIVILLIGHET NORGE

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

# MØTEPLASS FOR INKLUDERING 2015



**120 deltakarar fylte fyrste etasje hos Sogn og Fjordane fylkeskommune då frivillige lag og foreiningar, frivilligsentralar, kommunar og andre møttest for å inspirere kvarandre rundt temaet inkludering 24. oktober i Førde. Les om konferansen i denne avisa!**

**Innhald:**

**Side 2** - Frivillige organisasjoner som inkluderingsarena
**Side 6** - Speeddate
**Side 7** - Historier om inkludering og samarbeid
**Side 8** - Shabana Rehman
**Side 9** - Kafédialog

## Jenny Følling, Fylkesordførar

Dette er eit av dei fyrste oppdraga eg har som nyvald fylkesordførar!

-De som jobbar med frivillighet gjer ein viktig jobb. Frivilligheten er limet i samfunnet vårt. Eg vaks opp med idrettslag, Røke Kors, 4H, korps. Dette var bygda sitt sosiale lim. Det offentlige sine budsjett kan ikkje erstatte dette limet. 61% av befolkinga har vore med og gjere frivillig arbeid. Det er 10 millionar medlemskap i Noreg. På Førdefestivalen er det 350 frivillige og det blir gjort 5600 dugnadstimar. Det er same som 3,5 årsverk. Andre eksempel er frivilligsentralen i Gaular som har mange frivillige tenester til eldre.

-Vi står no i den største humanitære flyktningkrisa på svært lenge. Vi må stille opp, løfte i flokk; kommune, helsetenestene, NAV og frivilligheten. Frivillige er ein ressurs i integreringa. God integrering er nøkkelen til stabile samfunn.

Dette er ein viktig konferanse som bygger bru mellom innbyggarane og innvandrarane og innvandrarorganisasjonane. Mange kan tenke seg å bli med i frivilligheten, men har ikkje blitt spurt. Start med å spørre. I dag set Sogn og Fjordane fylkeskommune og Frivillighet Norge inkludering på dagsorden. Vi startar med den gode samtalen.

## Ein viktig møteplass

Eit inkluderende samfunn er avhengig av en inkluderende frivillig sektor. Siden 2008 har **Frivillighet Norge** arbeidd med prosjektet Inkludering i frivillig sektor.

Kvart år gjennomfører vi ein møteplass for tradisjonelle norske organisasjonar og minoritetsorganisasjonar. I år samarbeidde vi med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Ta vare på avisa og bruk erfaringane og kontaktene du fekk i løpet av konferansen.

Vi takkar alle innleiarar, deltakarar og dei som fylte dagen med kunstnarlege opplevingar.

Frivillighet Norge er eit interessepolitisk samarbeidsorgani for frivillige organisasjonar.



*Mohannad Kojok frå Syria bur i Førde. Han vakker musikk på instrumentet oud.*

## Marino Ask, Sogn og Fjordane Turlag

**Marino Ask fortalte om arbeidet i Sogn og Fjordane Turlag frå ein kajakk utanfor Stadtlandet i Selje kommune.**

Marino fortalte om ein organisasjon i vekst, som med sine 600 medlemmar vidarefører turtradisjonar i Sogn og Fjordane.

Ein treng ikkje vere medlem for å gå på tur. Mange vil delta på aktivitetane i turlaget, heile 20.000. Dei har Barnas turlag og talet på ungdomsgrupper veks.

-Vi er ein open organisasjon, men har nok ein del å gå på når det gjeld å vere ein mangfaldig organisasjon. Vi kan nok vere litt tradisjonelle. Vi ser at folk som har blitt introdusert til frivillighet i tidleg alder blir med vidare. Vi har ein avtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune om ei eiga stilling som jobbar med å få barn og unge med ut på tur. Du må lære å drive friluftsliv. Vi samarbeider med organisasjonar innafor Forum for friluftsliv, sogelag, kulturorganisasjonar og 4H.

**Kor flinke er de til å inkludere innvandrarar?**

- Vi har begynt, fleire av våre lokallag jobbar med å få med våre nye landsmenn. Vi har fokus m.a. på tilgang på sko, kle, transport, språk og kommunikasjon. Vi har ein veg å gå og ein slik konferanse bidreg til å sette fokus på det frivillige arbeidet. Det betyr mykje for folk som bur her at det finst eit godt og inkluderande frivillig liv. Er du ny her så oppfordrar eg deg til å ta kontakt med ditt lokale turlag. Still krav til dei og sei at du vil få oppleve norsk kultur og turtradisjon.



# Norsk selvhjelp for flyktninger organisasjon

**Abdi Alhaddad fra Florø presenterte NOSFO. Organisasjonen blei stifta i 2014. Sjølv kom Abdi frå Somalia for 6 år sidan.**

## Ein god start

NOSFO jobbar med å gje flyktningar og asylsøkarar ein god start. Dei hjelper med spørsmål om helse, samfunn, utdanning og praktiske ting. Og med å bygge sosiale nettverk mellom flyktningane og mellom flyktningane og det norske samfunnet.

## Samarbeid med Florø Handball

Få jenter med minoritetsbakgrunn var med og spelte ball. Jenter driv ikkje med idrett i Somalia, og foreldre opplever det gjerne som utrygt for jentene å delta.

- Vi gjennomførte eit "bli kjent" trekantmøte mellom NOSFO, Florø Handball og foreldre med fleirkulturell bakgrunn. Foreldra fekk informasjon om fritidsaktivitetar og at arrangementa blir drive av foreldre på frivillig basis. No har vi fått med mange på håndball, både gutar og jenter, og foreldra stiller opp!

Vi har halde hyppige kurs, mellom anna gjennom moskeen om idrett. Nesten 25 barn mellom 7 og 13 år er aktive i handballklubben. Slik innsats må fortsette, i samarbeid med Flora kommune og andre lag. Vi ønsker å samarbeide med organisasjonar som 4H, Barnas turlag og Norges jeger - og fisker forbund Sogn og Fjordane.

## Leksehjelp

Vår største aktivitet er leksehjelp og morsmålundervisning. Ca. 50 barn deltek. Vi låner Florø barneskole gratis kvar helg og har fått midlar av kommunen til bøker på tre forskjellige språk: somalisk, arabisk og tigrinja. Leksehjelpen er både for barn og vaksne.



## Forebygger radikalisering

NOSFO samarbeider med Florø Islamiske Kultursenter om å styrke den frivillige innsatsen for å forebygge at unge vert rekruttert til valdelege og ekstremistiske miljø. I tillegg planlegg vi å ha lokaler der ungane kan henvende seg for å få riktig informasjon om religion, i staden for å hente feil informasjon på sosiale medier som youtube.

## FÅ TAK I RESSURSPERSONANE

I ein pause snakkar vi med Ann Kristin Førde frå Florø Handball og Abdi Alhaddad om samarbeidet deira. Ann Kristin seier at det er ulikt i å ha barn i Somalia og Noreg. Fritidsaktivitetar er oftast noko nytt, så det er viktig at foreldra får lære om det. Gjennom fritidsaktivitetar kan dei få kunnskap om ungane sitt samfunn. For handballklubben var det å kome i kontakt med ressurspersonane i folkegruppene viktig.

Abdi understrekar at å engasjere seg frivillig er ei kode til integrering. Gjennom idretten kan du møte 100 foreldre, langt fleire menneske enn du kan treffe på ein praksisplass. Vi treng slike møteplassar der vi kan lære om kvarandre, der også nordmenn lærer om vår kultur.

## Flora tamilske forenig

**Jeikishan Jegathesan frå Florø er leiar for Flora tamilske forenig, ei avdeling av Annai Poopathi Tamilsk Kultursenter. Han kom til Noreg i 1984 og er i dag tilsett i kommunen. Sidan det er ein laurdag skulle han ha vore på barneskulen der foreininga har aktivitetar kvar helg. Men i dag er han glad for å snakke om inkludering på Møteplass.**

- Logoen vår har eit lys fordi vi brenn for andre, ei bok fordi vi lærer språk og eit instrument fordi vi ikkje skal gløyme kulturen vår. Botnen er blå som havet fordi vi er ein kjemperessurs, like stor som havet.
- Språk, utdanning, yrkesdeltaking, fritidsinteresser, deltaking i nærmiljø, valdeltaking/samfunnsengasjement er viktige integreringsfaktorar.

Målet vårt er:

1. Å bli trygg på kvarandre og finne seg til rette.
2. Kunnskap om natur, heimland, kultur, det norske samfunn.
3. Gjennom tiltak/aktiviteter: auke/få interesse, innsikt og forståing for kultur, morsmål, lov og reglar, integrering, nytt land med fremmed kultur

### Stor aktivitet

Vi har aktiviteter for barn og ungdom mellom 3-18 år på Krokane skule onsdag, laurdag og søndag. Vi har mange aktivitetar som lesestund, dans, drama, friidrett og turar. Ein kan få leksehjelp og lære morsmål. Vi har ungdomsklubb og lagar avis, kulturelle aktiviteter med sceneprogram og feiring av både norske og tamilske høgtider. I 2014 hadde vi mellom anna tale-konkurranse, 10-års-jubileum, Idrettsstevne og Open hall prosjekt.

### Vil vere brubyggarar

Vi ynskjer å bygge bruer. Difor vil vi utvide tilbodet om leksehjelp slik at fleire innvandrarbarn, og også etnisk norske barn i Florø kan delta på det.

For å vere med på å styrke mangfaldet vi vil samarbeid med andre klubbar og organisasjonar. Vi har mykje å tilby gjennom at vi er ein frivillig organisasjon bygd på ideologi og verdier som nærhet, omsorg, fellesskap, trygghet, kultur og tradisjon. Vi ser at vi saman med andre kan bidra til å skape trygge og gode oppvekstmiljø. Vi vil jobbe for inkluderende sosiale miljø der rus, mobbing og vold har liten grobunn.



## Eva Marie Halvorsen, Førde Røde kors

**Eva Marie startet med å spørre om hva frivillighet er?** Hun viste oss ILO (International labor organization) sin definisjon på frivillig arbeid som: "ikke-obligatorisk arbeid, det vil si den tiden en person bruker på å utføre en eller flere aktiviteter - enten gjennom en organisasjon, eller direkte overfor andre utenfor egen husholdning - uten *å ta* betalt."

Men man *får* betalt, som i diktet En hustavle av Arnulf Øverland

> *«Det er en lykke i livet*
> *som ikke vendes til lede:*
> *Det at du gleder en annen*
> *det er den eneste glede»*

Førde Røde kors har mange tiltak for migranter og samarbeider med mange. For eksempel:

- Aktivitet på mottak: Håndarbeidsgrupper, der gjerne barna også kan være med. I det siste har vi også fått etablert en ungdomsgruppe med 7 norske ungdommer som engasjerer seg på asylmottaket.
- Internasjonal kafe i Røde kors bygget
- Flyktningguide: Vi har fått 15 nye! Ta kontakt om du har lyst til å være flyktningguide.
- Være med i hjelpekorpset
- Leksehjelp har ligget litt nede, men nå har vi folk som har meldt sin interesse for det.
- Vi er med på å drive Førde internasjonale kor
- Vi sponser deltakelse på Førdefestivalen
- Vi er i samarbeid med biblioteket i Førde om "Mangfald i nynorskens skog". Det blir skrevet bok.
- Vi samarbeider med Sogn og Fjordane Røde kors om "Til topps på Galdhøpiggen" og ferie for alle.
- Vi samarbeide med flere, som frivilligsentralen, norsksenteret og Bondekvinnelaget.

I sin siste nyttårstale i 1990 sa Kong Olav at "Utrolige ting kan skje når begeistring blir brukt som drivkraft."

Det ligger mye styrke i å lykkes sammen med andre!

## Førde internasjonale kor

TAKK TIL FØRDE INTERNASJONALE KOR FOR FLOTT SONG!
Førde internasjonale kor er eit kor der alle stemmer er velkomne. Koret vart starta opp for å skape ein møteplass og ein lett tilgjengeleg arena for kulturdeltaking i Førde, og er eit samarbeidsprosjekt mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Førde kommune, Førde Røde Kors og KIA Førde. Musikkterapeut Jorunn Bakke Nydal frå fylkeskommunen leiar det internasjonale koret.



## Speed-date

**Alle deltakarane vart stilt opp på to lange rekker. Så skulle to og to gje kvarandre sitt beste inkluderingstips. Etter 2 minutt rykka den eine rekka framover og på denne måten fekk deltakarane dele sine tips med mange personar. Praten gjekk høgt og ivrig. Vi snakka med nokre av deltakarane etterpå og spurte om dei fekk med seg eit godt tips?**

Monrad Kolstad, Senioruniversitetet i Førde

-Ja! Senioruniversitetet i Førde har førelesningar ein gong i månaden. På neste kjem ei frå Afghanistan for å fortelle korleis ho har blitt mottatt, kva som har gleda henne og kva utfordringar det har vore. Vi norske tenker for lite på å integrere oss med dei nye. Det tenkte eg på i løpet av speed-daten og det skal eg ta med meg til den førelesninga.

Kari Valle, Frivilligsentralen i Førde

-Ja, eg fekk mange gode tips! Det som slo meg var spekteret av ting vi på eige initiativ kan gjere, som nabo til det organisasjonar kan gjere i lag for å legge til rette for møteplassar.

Eit konkret forslag som kom var å lage fargerik fotball, sånn som dei har gjort i Jølster.

Vidji og Jeinee Jeiki, Flora tamilske forening

-Dette er ein fantastisk sjanse for å treffe andre organisasjonar. Vi vil invitere fleire innvandrarar og norske til våre musikkaktivitetar. Språk er ikkje ei hindring, når vi brukar musikk. Og så vil vi servere mat. På vårt kultursenter kan de kome og leike og prøve å spele instrument. Vi vil ha kursrekker og samlingar. Her kan også foreldra delta!







## Eit skråblikk frå ein innvandrar

**Massoma Jurmy bloggar frå Førde under namnet bygdajenta.no. Massoma er frå Afghanistan, født i Iran og kom som kvoteflyktning for 14 år sidan.**

-Er de synlege nok, spurte ho forsamlinga og oppfordra til å møte opp på fellesarenaer der innvandrarar treffest, som for eksempel på norskopplæringa. Dei einaste organisasjonane som vi møtte då vi kom, var organisasjonar som ville forkynne. Vi ville heller møte t.d. eit kor.

-Det er krevjande å møte personar ein til ein. Men det må til. Slik som i valkamparbeid. Og dei som kjem i dag og i morgon er dei som skal vere med og forme landet.

**Vis interesse og hald interessa**
Massoma hadde to klåre oppfordringar til oss.

-Å vise interesse er viktig. Seier de hei til alle naboar? Sender de julekort berre til naboar de kjenner? Det er ikkje berre vi som skal ta til oss dykkar kultur, vi vil også gjerne få lære dykk om vår kultur. De kan vise interesse ved å gratuler oss med Id-feiringa. Men i tillegg til å vise interesse er det også viktig å halde på interessa. Når nordmenn blir sett på som kalde er det fordi dei plutseleg forsvinn. Medan vi vil ha vener, nokon å halde i handa.

Tenk på kva du gjer, begynn i dag. Eller som Michel Jacksons syng:

*If You Wanna Make The*
*World A Better Place*
*Take A Look At Yourself, And*
*Then Make A Change*



## Ingeborg Oppdøl Tysnes, kultursjef i Fjaler kommune

**Fjaler kommune sin visjon er å vere eit ope samfunn. Det er noko vi har lyst til å bli, vi er det nok ikkje enno.**

Vi er vande med at det kjem folk til oss. Vi har ei lang historie med internatskule og ein industri med mange tilflyttarar. Vi har fått nye impulsar. Vi fekk United World College i 1996 for 20 år sidan, Nordisk kunstnarsenter i Dale i 1998. Vi tek imot Volontørar frå ulike land og våren 2015 fekk vi flyktningar frå Eritrea.




**Engasjerer vi oss?**
Vi er gode på det organisatoriske planet – vi har relativt gode møteplassar i kommunen, institusjonar, i kulturlivet osb.

Dei frivillige organisasjonane er prega av at deltakarane er frå 60 år og oppover. Kva med oss på 40 år og oppover – er vi interessert? Vi er vestlendingar, vi er trygghetssøkande. Vi set oss med dei vi kjenner frå før på foreldremøta.

Vi treng alle som kjem. Vi har fått ny giv med HAFS 2030 som har inkludering som fanesak og nøkkel til attraktive lokalsamfunn.

Vi har gode frivillige organisasjonar, vi har veldig gode enkeltmenneske. Men er eg og du flinke nok? Vi har ein veg å gå før vi er det opne samfunnet vi ynskjer å vere.

# United World College

**UWC er ei verdsomspennande rørsle med 15 skular i ulike land. Ein av dei ligg i Fjaler.**

## Daniel Toa-Kwapong

United World Collage feirar sitt 20-årsjubileum i år og Daniel takka alle som hadde vore med å i samband med jubileet.

Kvart år kan folk vere vertsfamilie for elevar ved skulen. Daniel framheva at å ta imot eit vertsbarn gjev mykje. – Og når du tek imot vertsbarn får du barn å besøke i andre land!

-Når ting forandrar seg kan det opplevast som skremmande, men godt. Akkurat som med mat, som forandrar seg når du lagar den, og som blir noko godt.

### Do remember other people

-Førdefestivalen er veldig bra. Korleis klarer Førde det! Det viser at vi treng kvarandre. Når vi jobbar med integrering må vi også tenke på å få til ting mellom yngre og eldre.
Med UWC foreinar vi folk, kultur og ulik bakgrunn. Vi jobber også med eldresenter. Og vi jobbar med utvikling av landsbyar i andre land.

Det er viktig å vere opptatt av andre menneske. Do remember other people. Vi må jobbe saman og styrke verda. Integrering kan fint skje gjennom maten, som vi gjer når vi har kafé på UWC.

## Angie Toppan

- Korleis er det å vere i Norge? Eg bur her, men gjer eg det verkeleg? Dette er min fyrste tale på norsk. Vi er 250 personar frå 90 land på UWC. Vi feirar mangfald. Alle lærer også nordiske verdiar og aktivitetar. For meg som korkje har bil eller barn så er det vanskeleg å få kontakt med samfunnet rundt.

Vi har mykje kontakt med Førde asylmottak og der er vi på besøk kvar veke. På mottaket møter vi folk som er snille og gjestfrie. Vi er aldri klar til å reise når tida er brukt opp. Folk der deler utan å nøle, dei har stor tradisjon på å vere gjestfri. Vi treff folk frå alle lag, frå vaksne som lærer å lese til ingeniørar.

### Ynskjer fleire å samarbeide med

Kva gjer vi på mottaket? Vi er i lag. Elevane skrur av mobilane og gjev folk oppmerksomhet. Dette er godt også for elevar som kanskje lengtar heim. Dei treff også folk der som snakkar sitt språk. Vi har hatt African day, vi tek med mottaksvenner på gamaldansdag og folk på mottak lagar mat til julebordet vårt.

Men vi treng samarbeid med norske organisasjonar, norske ungdommar. Elevane på skulen har mykje å tilby. Vi kan gjere kvarandre betre.



## Shabana Rehman med framsyninga Hjertets migrasjon

**Shabana Rehman fekk fram både latter, tårer og ettertanke hos deltakarane med framsyninga si. Vi fekk høyre historia om vegen hennar opp på stand-up-scenen.**

Det var ingen komikarar med hennar bakgrunn på den tida. Ho fekk heilt andre reaksjoner på typiske stand-up-tema som utlendingar, fyll og sex enn gutta på stand-up scenen.

Mange hugsar særleg Shabana for mullaløftet. Men det var ikkje for å bli mullaløftar ho gjekk til scenen. Etter ei framsyning der ho hadde vist rumpa si vart det avfyrt 18 skot mot boren sin restaurant. Journalister spurte henne kvifor ho var så kontroversiell. Men det var jo reaksjonene som var kontroversielle. Reaksjonene ho har fått har blitt hennar materiale på stand-up-scenen.

### Kvantesprang

Ho fortalte varmt om foreldra sine, om splittelse og om korleis dei fann saman att. Ho fortalte om kvantespranget som låg i at mor hennar ikkje stengte døra for henne då ho valde å bli komikar. Og om far hennar sitt val om å bli gravlagt i Noreg. Vi fekk vere med på ei reise gjennom barndommen, til eksilet i USA og tilbake til Norge.






*Mange ville ha ein prat med Shabana Rehman.*

## Ingebjørg Erikstad, fylkesdirektør for kultur

Dette har vore ein fantastisk dag og ein fantastisk FN-dag.. Takk til Frivillighet Norge og alle innleiarane.

Vi treng deg, kunnskapen din, pågangsmot og hjelpa di for å gjere oss meir fargerike. Som ein av innleiarane sa, hausten hadde vore kjedeleg utan alle fargane. Eg håper at du har fått bidra, at du har fått noko, at du har funne nokon å dele ein kaffi med. Integrering begynner med at vi deler.

### Løfte fram frivilligheten

Kva kan fylkeskommunen gjera. Vi som offentleg organ skal respektere frivilligheten som fri og villig. Vi skal ta frivillige organisasjonar sitt arbeid inn i planverka våre. For å synleggjere innsatsen. Den utgjer ein eigenverdi som vi skal løfte fram.

Vi må synleggjere at det er fleire som er med på å løyse utfordringane. Vi må syne fram arenar og utvikle arenaer, vise enkeltmenneske sin innsats.

Inkluderingsarbeid er hardt arbeid kvar dag. Fortel andre om det de har vore med på her i dag.

Tusen takk til alle. Vi håper at du har fått inspirasjon og at vi klarer å ta i bruk alle dei fantastiske ressursane vi får tilgang til no og i åra framover.

## Kafedialog

**Deltakarane la ned stor innsats i kafedialogen. Gruppene jobba med ei av fylgjande oppgåver. Her finn du alle ideane som gruppene kom fram til:**

1. Del og noter ideer om hva frivillige organisasjoner kan samarbeide om.
2. Velg et prosjekt, som dere vil jobbe videre med.
3. Beskriv hvilket mål, målgruppe, tiltak, ønsket resultat osv. som skal til for å gjennomføre prosjektet.

1. På hvilken måte er frivillige organisasjoner synlige for minoritetsbefolkningen nærmiljøet deres?
2. Del ideer og erfaringer med hverandre om hvilken rolle organisasjoner kan spille for å skape inkluderende nærmiljø.
3. Hvordan kan frivillige organisasjoner kan samarbeide med for eksempel kommunen, fylkeskommunen og næringsliv om å få flere med i frivillig aktivitet?

*Gruppe 1 (A)*

- Integrering: Møteplass, Lære av kvarandre- **forstå**
- Må halde frem hele tiden – ikke på ferietur- "kontinuerlig" arbeid, må halde på også i bølgedalene
- Kurs- For å informere foreldre ofte blanding av kultur/religion- oversette brosjyrer til ulike språk
- Nabokurs – Leksehjelp/Norskkurs v/Pensjonerte lærere
- Innvandring som tema i alle org. "Frivillige" fra andre land
- Lage mat i lag – snakke – dele kultur
- Liten/stor sammenheng
- Heime/forsamlingskurs
- Likeverdige – lære av kvarandre
- Synge i lag/musikk
- Turer- naturopplevelser
- Idrett
- Integrering i ulike organisasj.
- Kjenner for lite til kvarandre – bli kjende – gjensidig læring- møteplass
- (Siljekanvallen)

*Gruppe 1(B)*

- Hjelpe utlendinger med mer språkundervisning-språkkompetanse
- Del og bruk musikk, mat, og forsterke samarbeidet i fylke og kommune …….
- Protege og drop(uwc) kleaf(uw) skole og ungdoms nasjonale, internasjonale samarbeid
- Skaffe midler for å gjøre mulig for Drop skolen i Ghana(Sakyikrom) å få solar paneler og strøm slik at det skal ha bedre undervisning og beholde elever og lærere i landsbyen
- Utveksling mellom Sakyikrom skole og skoler Sogn og Fjordane

*Gruppe 2*

- Frivillighetssentraler – kaffe for alle
- Internasjonalt kor
- Røde Kors
- Florø turlag arrangerer tur
- Kia – samlar kveldsmat annenkvar torsdag

*Gruppe 3*

- Info på norsksenter , ulike aktiviteter
- Frivilligsentral kan være koordinator for å få ulike lag/org til å samarb.

*Gruppe 5*

- Snakke med folk
- Internett -
- Kia – Aviser-Det skjer- facebook
- Kyrkja – Kor- Prayer meeting
- Org- Drivverket skape arenaen, Det viktigste er personlig kontakt- vennskap
- Kommune /Næringsliv – Organisasjoner: Folk, Nettverk - Møte

*Gruppe 6*

- Ikke særlig synlig
- Røde kors ganske synlige gjennom sine akt.
- Cp-foreningen kan bli flinkere
- Presentere seg på voksenopplæring
- Tilby transport

- Nabokurs
- Sommerfest i data
- Bli invitert på ID
- Invitere på 17. mai fest heime
- Fargerik fotball i Jølster – godt eksempel – voksne og barn
- Open dag i Førde hele dagen
- Mat(mat fra butikkene)
- Møteplass for språk
- Åpen dag på brunosten
- Open dag hos FFO
- Mangfoldig Arena – kultur, generasjon, samarbeid mellom org.

*Gruppe 7*

- Kan samarbeide om: Møteplasser, Språkkafe, Leksehjelp, Guide innvandrere mot passende organisasjoner
- Koordinator
- Fadderordninger
- Møteplass – inkludere innvandrere i planlegging – hva er ønsker og behov
- Mål- integrering og likeverd – målgr. Alle – tiltak – nettverksbygging
- Resultat – varige vennskap, nære relasjoner praktisk
- Treng økt støtte
- Frivillige mennesker
- Møteplass – rom

*Gruppe 8*

- Gjennom ranselpost
- Frivillige i Flora
- Barn til Barn/Voksen
- Samarbeid på tvers av lag og organisasjoner
- Legge til rette for nye-frivillige
- Tilrettelegge
- Imøtekomme
- Dele erfaringer
- Gjennom info fra/via skolene
- Frivillige Florø
- Barn til Barn

*Gruppe 9*

- Møteplass mellom frivillige(org) og kommunale tilbud
- Språkkafe

*Gruppe 10*

- Samarbeide og fordele fritidsaktiviteter
- Samtaler
- Møteplass  spesielt voksne som er heime
- Eksempel:
- Lage mat sammen. Fotball, idrett, turnering
- Dans, gammeldans, kor, synge sammen, strikkekafe, hagearbeid
- Transport(penger?)

*Gruppe 11.*

- Et inkluderende nærmiljø
- Kontaktperson fra Røde Kors
- Språkopplæring
- Fysisk aktivitet: Fotball, tur
- Sosialisering, språk, studere
- Hvilken rolle kan organisasjoner spille for å skape et mer inkluderende nærmiljø?
- På plakater i mottak, gjennom skoler
- Gjennom Frivillighetssentraler
- Frivillighet i idrettsklubber skaper en møteplass også for foreldrene
- Gjennom foreldremøter på skoler og organisasjoner
- Styret i organisasjoner må prioritere inkludering

*Gruppe 12*

- Flere kan samarbeide om tilbud om leksehjelp T.d. Frivillighetssentral som kan koordinere aktiviteter

*Gruppe 13*

- Røde kors: flykningsguid , gjennom norsksenteret, internasjonal kafe røde kors bygget
- Vi bør oppsøke flykninger, ta kontakt
- Begynne i internasjonalt kor!
- Invitere heim, kaffi, te

**Gullkorn frå Kafédialogen**
Gjer ting som er verdifullt! Unikt! Vi kan bli eit Sogn og Fjordane Silicon Vally når det gjeld inkludering! ***Daniel Toa-Kwapong***

# Møteplass for inkludering

| Fornavn | Etternavn | E-post | Organisasjon |
|---|---|---|---|
| Hassan | | | |
| Sissel | Aarseth | sissel.lillebo.aarseth@sfj.no | Sogn og Fjordane fylkeskommune |
| Abdi | MOhamed | fazlul31@hotmail.com | Norges selvhjelp for flyktninger |
| Grete | Apelseth | gretea@npaid.org | Jølster mottak, Norsk folkehjelp |
| Karin | Arsheim | | Førde internasjonale kor |
| Marino | Ask | m-jas@online.no | Sogn og Fjordane turlag |
| Svanhild | Ask | svanhild.ask@forde.kommune.no | Førde internasjonale kor |
| Åge | Avedal | age.avedal@4h.no | 4H Sogn og Fjordane |
| Beate | Bergstrøm | beate.bergstrom@sfj.no | Førde internasjonale kor |
| Gerd | Bjørkedal | gerd@lillestol.no | Mental helse, Sogn og Fjordane |
| Linda | Blålid | Blalidlinda@gmail.com | Cerebral Parese foreininga |
| Reidar | Brandsberg | reidar.brandsberg@folkeuniversitetet.no | Folkeuniversitetet Vestlandet |
| Jacob | Bredesen | nc15jbre@stud.rcnuwc.no | UWC Red Cross Nordic |
| Lise | Corwin | | Frivillighet Norge |
| Elisabeth | Dahle | sognogfjordane@fnf-nett.no | Forum for natur og friluftsliv |
| Dagrunn | Digernes | | N.K.S. fylkesstyret Sogn og Fjordane |
| Hild | Eimhjellen | | Førde internasjonale kor |
| Esra | Ekip | esra.ekip@vågsoy.kommune.no | Vågsøy kommune |
| Sureporn | Eriksen | | Førde internasjonale kor |
| Ingebjørg | Erikstad | Ingebjorg.erikstad@sfj.no | Sogn og Fjordane fylkeskommune |
| Elin Kvinge | Flatland | elinkflatland@gmail.com | Førde kyrkje |
| Aud Berit | Fossøy | aud.fossoy@hisf.no | Høgskulen i Sogn og Fjordane |
| Ingvald Andersen | Frøyen | iaf@nms.no | Det Norske Misjonsselskap |
| Anne-Grete | Frøyset | afroeyse@online.no | Førde internasjonale kor |
| Helga | Furevikstrand | furevikstrandhelga@hotmail.com | Folkeakademiet Sogn og Fjordane |
| Jenny | Følling | Jenny.folling@sfj.no | Sogn og Fjordane fylkeskommune |
| Ann-Kristin | Førde | ann.kristin.foerde@flora.kommune.no | Florø Handball |
| Anne Rigmor | Gjersten | | Krokane sanitetslag |
| Roar | Gulbrandsen | Roargul@gmail.com | Norsk Folkehjelp Sunnfjord |
| Bereket | Hagos | | Førde internasjonale kor |
| Astrid | Halstensen | astrid.halstensen@askvoll.kommune.no | Nærmiljøsentralen Askvoll |
| Eva Marie | Halvorsen | eva.halvorsen@hisf.no | Førde Røde Kors |
| Nrdad | Hemula | | Førde internasjonale kor |
| Jorge | Hidalgo | jorge.hidalgo.garcia@stryn.kommune.no | Stryn kommune |
| Ida Marie | Holmin | ida@frivillighetnorge.no | Frivillighet Norge |
| Turid Årdal | Holsen | Turid.aardal.holsen@enivest.net | Førde internasjonale kor |
| Torill | Hukset | t-hukset@online.no | Frivilligsentral |
| Daniel | Hundershagen | dhu@fu.no | Folkeuniversitetet Vestlandet |
| Ingvild | Høydal | ingvild.hoydal@gulen.kommune.no | Gulen kommune |
| Elfrid Rauset | Håheim | elfridrauset@hotmail.com | Frivilligsentral i Gloppen |
| Ellen | Indrebø | Indreboee@gmail.com | Norsk Folkehjelp Sunnfjord |
| Siri | Ingvaldsen | siri.ingvaldsen@sfj.no | Sogn og Fjordane fylkeskommune |
| Yousif | Ismail | | Førde internasjonale kor |
| Jostein | Jakobsen | jostein.martin1948@yahoo.no | Frivillisentral |
| Jeikishan | Jegathesan | Jegathesan.Jeikishan@flora.kommune.no | Flora tamilske foreining |
| Morten | Johansen | | Frivillighet Norge |
| Massoma | Jurmy | mjurmy@gmail.com | Bloggar |
| Moayad | Khalil | moayad@gmail.com | Førde internasjonale kor |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Reidar | Knapstad | reidar.knapstad@fordekyrkje.no | Den norske kyrkja |
| Mohammed | Kojok | M_kjk@hotmail.com | Florø arabiske foreining |
| Mats | Korneliussen | matskorn@hotmail.com | Flyktningeguide - Røde Kors |
| Ingelin | Kvamme | | Førde norsksenter |
| Irene | Lambrecht Vaulen | irene.vaulen@solund.kommune.no | Frivilligsentralen Solund |
| Audbjørg | Langøy | | N.K.S. fylkesstyret Sogn og Fjordane |
| Roald | Leivestad | roald.leivestad@incgruppen.no | Flor turn og idrettsforening |
| Vigdis | Lobenz | vigdis.lobenz@gmail.com | Førde Røde Kors |
| Frederik | Lura | | United world college |
| Liudmila | Mak key | ludmila.makkey@hotmail.com | Førde norsksenter |
| Hidat | Mebratu | | Florø Handball |
| Thorvald | Moen | fmsftrm@fylkesmannen.no | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane |
| Bassel | Mtan | | Førde internasjonale kor |
| Kerrion Joseph | Murhesa | josephmurhesa@gmail.com | Protègè international |
| Sylvia | Høyvik | | Krokane sanitetslag |
| Helge | Naustdal | helge.naustdal@enivest.net | KIA Førde |
| Britt | Nesbø | | Førde internasjonale kor |
| Bente | Nilsen | bente.nilsen@flora.kommune.no | Flora frivilligsentral |
| Louise | Nilsson | ln@sygna.vgs.no | Balestrand sokneråd |
| Ingebjørg | Nomeland | produsent@fordefestival.no | Førdefestivalen |
| Inger Helene | Nordeide | inger.helene.nordeide@enivest.net | Bjørgvin bispedømme |
| Erling | Nydal | | Sogn og Fjordane KFUK/KFUM |
| Jorunn Bakke | Nydal | jorunn.bakke.nydal@sfj.no | Sogn og Fjordane fylkeskommune |
| Margit | Nygaard | marolava@hotmail.com | Førde kyrkje |
| Stein | Oltedal | stein.oltedal@fordekyrkje.no | Førde kyrkje |
| Shabana | Rehman | | Innleiar |
| Margrete | Reisæter | frivilligsentralen@fjaler.kommune.no | Frivilligsentralen i Fjaler |
| Laila | Schult | lschult@enivest.net | Måløy kunstlag/<br>Den kulturelle<br>spaserstokken/seniornett |
| Laila Anita | Schønhardt | laila.schonhardt@enivest.net | |
| Tone Gjelsvik | Sellevold | tone.sellevold@kreftforeningen.no | Kreftforeningen |
| Synnøve Grane | Skaaden | frisent@gmail.com | Frivillegsentralen i Gloppen |
| Morten | Skjæveland | | Frivillighet Norge |
| Marit Sandnes | Skrede | post@frivilligstryn.no | Stryn frivilligsentral |
| Synnøve | Solhaugen Engen | synnove.engen@enivest.net | HLF (Hørslhemmedes Landsforbund)<br>S&FJ |
| Siri | Stavang | siristavang@gmail.com | Barnas turlag, Flora |
| Maria | Steimler | | Førde internasjonale kor |
| Robin | Stokke | robinstokke@gmail.com | United world college |
| Magnus | Strand | magnus.strand@nav.no | Norges Blindeforbund |
| Haldis Daleng | Strømmen | hal-st@online.no | Seniornett |
| Ingvild | Strømmen | iamingvild@hotmail.com | Førde internasjonale kor |
| Qaisar-Shah | Sukaudar-Shan | | Frivillighet Norge |
| Bjørg | Svarthumle | | N.K.S. fylkesstyret Sogn og Fjordane |
| Audun | Systad | audun.systad@enivest.net | Den norske kyrkja |
| Heidi | Sårheim | heidi.sarheim@blindeforbundet.no | Norges Blindeforbund |
| Mark | Taylor | Kantor@fjaler.kyrkja.no | Den norske kyrkja, Fjaler |
| Daniel | Toa-Kwapong | | United world college |
| Rita | Tonning | rita.tonning@bufetat.no | Barne,-ungdom-og familieetat |
| Angie | Toppan | | United world college |
| Astrid | Trengereid | | Krokane sanitetslag |
| Ronja | Trolie | rnatrolie@hotmail.com | Høyanger statlig mottak |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ingeborg Opddøl | Tysnes | | Innleiar, Fjaler kommune |
| Ann Iren | Ulvedal | Uanniren@yahoo.no | Voksne for barn - indre Nordfjord lokallag |
| Ingvar | Vagstad | Ingvar.vagstad@gmail.com | Førde kyrkje |
| Kari | Valle | kv@forde.kommune.no | Førde kommune |
| John Ole | Vange | | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane |
| Thea | Vie | nc15tvie@stud.rcnuwc.no | UWC Red Cross Nordic |
| Marte | Westvik | | Førde internasjonale kor |
| Ann Helen | Øksnes | | Krokane sanitetslag |
| Asbjørn | Eikerol | aeikerol@hotmail.com | Dale vidaregåande skule |
| Arnstein | Sandbakk | arnstesa@online.no | Førde ungdomsskule |
| Sara | Rezaey | | Førde |
| Malarvily | Jeikishan | jvijiv@hotmail.com | Florø |
| Monrad | Kolstad | Monrad.kolstad@online.no | Senioruniversitet i Førde |
| Oddvar | Flataker | Oddvar.flataker@gmail.com | SF fotballkrins |
| Sidsel | Sørebø | | |
| Johny | Håvåg | | |
| Anne Berit | Jordal | | |
| Thomas | Wiklund | | |

# TAKK FOR AT DU DELTOK PÅ MØTEPLASS 2015!

Møteplass blei arrangert av Frivillighet Norge og Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Konferansen blei støtta økonomisk av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Integrerings- og mangfoldsdirektoratet. Konferanseavisa er laga av Frivillighet Norge. Foto: Morten Skjæveland.

FRIVILLIGHET NORGE

www.frivillighetnorge.no

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

www.sfj.no

